



## **Referat frå møte i samarbeidsutvalet 23.04.25**

Tilstades:

Kristian Hognestad, FAU

Ingrid Underhaug Nielsen, FAU

Hanna Aase Undheim, tilsett

Kristin Sando, tilsett

Kjetil Hustoft, politikar

Jonas Lomeland, elev

Asgeir Lystvet, avdelingsleiar

Ingveig Nærland Ødegård, rektor

Lilja Garborg Horpestad, elev, kunne ikkje. Torjer Gudmestad Hognestad møtte som vara.

Jens Garborg Horpestad, elev møtte ikkje.

### **Sak 16 Orientering om resultat og oppfølging olweusundersøking**

- Olweusundersøkinga er ei årleg undersøking for 4.-7. klasse. I år svara 44 elevar.
- Skulen har fått munnleg tilbakemelding om resultatata, grunna lågt elevtal.
- Tilbakemeldinga er at me har ein høg prososial tendens og det er høg trivsel på skulen, i friminutta og i klassen. Alle som har svara har og oppgitt at dei har minst ein venn i klassen.
- Det er noko mobbing, men prosenten har gått betydeleg ned, det er me veldig glade for! Det er ingen som seier dei har blitt mobba over eit år. Dei som har blitt mobba har sagt i frå om det.
- Mobbinga er mest verbalt, men òg noko utestenging, løgn, rykter, digitalt eller kommentarar på utsjånad. Mobbinga skjer mest ute på skuleplassen.
- Det er ingen som opplever å bli mobba av dei vaksne, og det store fleirtalet meiner at lærarane gjer mykje eller ein god del for å førebygga mobbing.
- Kvar 4. elev svarar at dei er redde for å verta mobba. Og det er diverre ein del som svarar at dei kan tenka seg å delta i mobbing. Desse tinga vil skulen arbeida vidare med, det har allereie vore tema på foreldremøte. Skulen vil oppmoda foreldra til å setja grenser for alle barna, og ikkje minst «ta dei på fersken» i å gjera gode handlingar.
- Skulen vil arbeida med haldningar om at me ikkje aksepterer mobbing, slik at elevane også vert trygge i å seia i frå.

### **Sak 17 Utviklingsområde neste skuleår**

Me vil fortsetja med engelsk og motivasjon som satsingsområde neste skuleår òg. Me ser at me byrjar å sjå resultat av engelsk satsinga. Neste skuleår vil me ha større fokus på motivasjon.

Lærarane vil arbeida med å laga gode undervisningsopplegg i lag og arbeida systematisk med dette i fellestida. Skulen har fått innspel frå elevrådet om korleis dei tenkjer at ein kan auka motivasjonen, og dei ynskjer å vera med å velja metode, ferdig produkt og fleire samarbeidsoppgåver.

### **Sak18 Tiltak, vedlikehald og oppfølging av trafikksikring. Korleis arbeidar kommunen med dette?**

*Trafikksikring skuleveg:* Rektor informerer om kva som har vore gjort i høve til trafikksikring tidlegare.

- Mail til kommunen i 2023, om belysning og sikring av kryss.
- Hausten 2024 mail til kommunen, om fleire nesten-ulukker på skuleveg.
- Utfordringa er at det er kryss mellom fylkesveg og kommunal veg. Det er skoga litt, men ikkje nok.
- Kan me spela inn til kommunen at me skulle ynskja at det var ei "aksjonsliste", slik at ein ikkje må senda inn dei same sakene år etter år?

### **Sak 19 Årsrapport i Time kommune (Kva ser me?)**

- Det store meirforbruket er på omsorg. Oppvekst ca 5 millionar i minus (Barnevern står for ein god del av dette), grunnbemanninga er låg i oppvekst.
- Undervisning har eigentleg brukt mindre enn venta. Transport og spesialundervisning i private skular er med og trekk opp forbruket i oppvekst. Det er gjort mange kutt til no, og meir vert det til hausten. Time bruker litt mindre enn Klepp og Hå på skule.

### **Sak 20 Evaluering av SU dette skuleåret**

Me har hatt fire møter, der me mellom anna har arbeidd med skulekrinsgrenser, trafikksikring, nasjonale prøvar, utviklingsplan, elevundersøking og Olweus-undersøking. Det har fungert godt og alle er nøgde

### **Sak 21 Anna**

Ingen saker.

Referent

Kristin Sando